



Promenaden Eiendom AS  
Kvernhusmyrane 7  
5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/27 - 17/29060

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

06.10.2017

## Etterlyser "As built" teikningar og tømmeavtale med tømmefirma Førehandsvarsel om tilsyn

Teknisk drift syner til tidlegare korrespondanse vedkomande søknad om ferdigmelding for fettutskiljar-anlegg ved Jumjum i Promenaden. Vi har i brev datert 29.06.2017 og 05.09.2017 etterlyste «as built» teikningar og tømmeavtale med tømmefirma. Vi kan framleis ikkje sjå å ha motteke dette. Vi gjer merksam på at ferdigmelding må være godkjent før anlegg vert teke i bruk.

Teknisk drift har registrert at det har vore eigarskifte med endring i produksjon i lokala til Jumjum. Eigarskifte og endring av meny skal meldast inn til kommunen slik at anlegg kan vurderast på nytt. I samband med eigarskifte og endring av meny vil Teknisk drift føre tilsyn med anlegg for å hindre at fett vert ført ut på kommunalt leidningsnett og påfører dette skader.

Vi ber Dykk sende inn tømmeavtale omgåande. Tømmeavtalen skal innhalde minimum 4 tømningar per år og minimum 2 temperaturlogger per år.

### Kopi av tømmeavtale

Kommunen skal ha kopi av tømmeavtale for å sjå at bedriften har gyldig tømmeavtale med godkjent tømmeoperatør. I avtalenskal kommunen kunne sjå kva oppgåver som tilfaller tømmeoperatør og kva oppgåver som anleggseigar har ansvar for. Hovudansvar for innsending av årsrapport for anlegg ligg hos eigar. Tømmeoperatør kan stå innsending av rapporten. Dette skal da komme klart fram i avtalen.

### Innsending av årsrapport

Ved gjennomgang av årsrapport skal kommunen vurdere om det er behov for å setje inn tiltak for å hindre at fett vert ført ut på kommunalt leidningsnett. Tiltak kan være endring av vaskerutiner, endring av type vaskemiddel, hyppigare tømning, fleire temperaturlogger og vassprøve av utsleppsvatn. Anlegg som har for høg temperatur viser at anlegg er for liten. Anlegg som har for høg temperatur utløyer krav om utskifting.

### Førehandsvarsel om tilsyn

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



På bakgrunn av manglende dokumentasjon, eigarskifte og endring av meny ser vi behov for å følge opp utskiljaranlegg i Promenaden. Teknisk drift gir med dette brev eit førehandsvarsel om tilsyn. Tidspunkt for tilsyn vil vi komme tilbake til i eget vedtak – varsel om tilsyn.

Førehandsvarsel om tilsyn er gitt i samsvar med forvaltningslova § 16.

*Teknisk drift, VVA, har heimel til å føre tilsyn med anlegg etter forureiningsforskrifta § 15A-2, «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Administrative bestemmelser», forskrift for fettutskiljar Lindås kommune og i enkeltvedtak (løyve til å kople utskiljaranlegg på kommunalt leidningsnett). Kommunen skal, ved krav om dokumentasjon for drift og vedlikehald av anlegg og ved utføring av tilsyn, påse at bedriftene følgjer dei føresegnene som er gitt etter forureiningsforskrifta § 15A-4, forskrift for fettutskiljar Lindås kommune og i enkeltvedtak for utskiljaranlegg.*

Med helsing

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Jumjum AS

V/Alema Regnskap 5152  
Øvre Kråkenes 49

BØNES

**Mottakarar:**

Promenaden Eiendom AS

Kvernhusmyrane 7 5914

ISDALSTØ